

Til Kontrollutvalet i Modalen kommune

Kopi:  
Kommunestyret  
Kommunedirektøren

## Stadfesting av forvaltningsrevisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette underteikna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Underteikna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.

Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga fylgjer nedanfor.

## Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

| Forskriftskrav   | Eigenvurdering  |
|--|---|
| 1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16                  | § 16. Underteikna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet.   |
| 2. Revisor si tilknytning til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17 | § 17. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærstående har slik tilknytning. |
| 3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18         | § 18 a. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i kommunen   |
|  | § 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som kommunen eller   |

|  |   |
|--|---|
|  | fylkeskommunen deltek i, eller er eigar av utover at Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap   |
|  | § 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.                             |
|  | § 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren |
|  | § 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet   |
|  | § 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine egne leiings- og kontrolloppgåver   |
|  | § 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.   |

Voss, 26. juni 2023

  
Arne Gilbakken  
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor